




VAL

INFORMASJON

Stortings- og sametingsvalet 2017

Viktig informasjon til deg som skal stemme



Valdagen er 11. september. Hugs legitimasjon!

VALdirektoratet

Stortings- og sametingsvalet 2017

Stortinget er Noregs folkevalde nasjonalforsamling. 169 representantar blir valde kvart fjerde år. Dei skal representere innbyggjarane i alle dei 19 fylka våre. Dei viktigaste oppgåvene til Stortinget er å vedta lover, bestemme statsbudsjettet og kontrollere regjeringa.

Sametinget er eit sjølvstendig, folkevalt organ og er det representative talerøyet for samane. 39 representantar blir valde kvart fjerde år. Dei skal representere samar over heile Noreg. Sametinget fordeler sitt eige budsjett på bakgrunn av rammer som er gitt av sentrale styresmakter. På fleire område har Sametinget avgjerdsmyndigheit.

I denne brosjyren får du informasjon om korleis du går fram for å stemme.

Valdagen er måndag 11. september 2017

Mange kommunar held også val søndag 10. september. Kommunen informerer om det er val i ein eller to dagar.

Hugs legitimasjon når du stemmer!

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for stemmemottakaren, skal legitimere seg. **Legitimasjonen** kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan legitimasjon. Legitimasjonen må innehalde namnet på veljaren, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon, som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

Alle veljarar får tilsendt valkort

På valkortet finn du informasjon om kvar og når du kan stemme på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å stemme, men det sparer deg for tid. Valkortet gjeld *ikkje* som legitimasjon.

Veljarar som har stemmerett ved både stortings- og sametingsvalet, får to valkort.

Stortingsvalet

Kven kan stemme?

Ved stortingsvalet er det berre norske statsborgarar over 18 år som har stemmerett. Det held at veljaren fyller 18 år i løpet av valåret. Veljaren må vere, eller ha vore, registrert som busett i Noreg.

Når og kvar kan du stemme?

På **valdagen** må du stemme i heimkommunen din. Det er den kommunen du var registrert i folkeregisteret som busett i den 30. juni 2017. Du kan stemme i kva vallokale som helst i kommunen. Sjå illustrasjonane på neste side som viser korleis du stemmer på valdagen.

Stemme på førehand kan du gjere frå 1. juli til og med 8. september i kva kommune som helst.

Dersom du stemmer i ein kommune utanfor fylket du er busett i, får du utdelt ein stemmesetel som er påført namna på dei registrerte politiske partia, utan kandidatnamn. Du må da krysse av for eller skrive på kva parti/gruppe du vil stemme på. Du kan også sjølv skaffe stemmesetel frå ditt eige fylke og bruke den dersom du ønskjer å gjere endringar.

Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen om å få stemme heime. Kommunen informerer om når og kvar du kan stemme.

Du finn meir informasjon på www.val.dep.no


Lurer du på kvar vallokala er?

Eller kva opningstidene er?


Finn vallokalet ditt på mobiltelefonen: www.vallokale.no




Korleis stemmer du på valdagen?




1) Ta den stemmesetelen du vil bruke.




2) Gjer eventuelle endringar på stemmesetelen (sjå rettleiing neste side).



3) Brett stemmesetelen med partinamnet inn og feltet for stemping ut – da kan ingen sjå kva du stemmer. Det skal ikkje vere konvolutt eller anna omslag rundt stemmesetelen.



4) Gå til ein valfunksjonær og få eit stempel på utsida av stemmesetelen. Stemmesetelen må ha stempel for å bli godkjend!



5) Legg den stempla stemmesetelen i valurna.


Korleis endrar du på stemmesetelen?

Det er opp til deg om du vil endre på stemmesetelen (sjå rettleiing under). Dersom du ikkje endrar på han, stemmer du på kandidatane i den rekkjefølgja dei står i på stemmesetelen.


For at endringane du gjer på stemmesetelen skal få verknad ved valoppgjeret, må endringane ved same kandidatnamn bli gjort av meir enn halvparten av dei veljarane i fylket som har gitt partiet/gruppa si stemme.

Rettleiing for korleis du endrar, står også på stemmesetelen.

Slik kan du endre på stemmesetelen:



Endre rekkjefølgja på kandidatane
Set eit (nytt) nummer i ruta til **venstre** for namnet til kandidaten/kandidatane, slik at du markerer korleis du vil at rekkjefølgja på kandidatane skal vere.



Stryke kandidatar
Set eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta til høgre for namnet til kandidaten/kandidatane du vil stryke.

Kven blir valde?

Kvart fylke har fått tildelt eit fast tal representantplassar på Stortinget. Ved valoppgjeret blir plassane fordelte mellom partia/gruppene i fylket. Så finn ein ut kva for kandidatar som får plassane. Deretter blir valresultatet i fylket sendt til riksstyret, som bereknar kva for kandidatar som får utjamningsmandata. Kvart fylke får eitt utjamningsmandat. Totalt skal 169 representantar veljast til Stortinget.

Sametingsvalet

Kven kan stemme?

- Samar som er norske statsborgarar, og som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som er, eller har vore, folkeregisterførte som busette i Noreg.
- Svenske og finske samar som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som står innførte i norsk folkeregister som busette i Noreg pr. 30. juni 2017.
- Samar som ikkje er nordiske statsborgarar, som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har stått innførte i norsk folkeregister som busette i Noreg dei tre siste åra før valdagen.

Det er eit vilkår at ein er innført i Sametingets valmanntal.

Når og kvar kan du stemme?

Du kan stemme i same tidsperiode som for stortingsvalet (sjå tidlegare i brosjyren). Dersom du er registrert busett i ein kommune som har færre enn 30 personar med stemmerett til sametingsvalet, kan du ikkje stemme på valdagen. Du kan da bruke stemmeretten din ved å stemme på førehand. På nettsida til Sametinget finn du ei oversikt over kva kommunar det gjeld. Kommunane informerer om kvar du kan stemme ved sametingsvalet.

Korleis endrar du på stemmesetelen?

Du kan endre på stemmesetelen ved å endre rekkjefølgja på kandidatane. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar.

Sametinget sender ut valkort med informasjon til alle som står i Sametingets valmanntal.

Du finn meir informasjon på www.val.dep.no eller www.samediggi.no

Utgitt 2017 av Valdirektoratet

Publikasjonen finst også på bokmål, samisk og ti framandspråk

Du finn meir informasjon på **www.val.dep.no**